

Ørskog Historielag:

LØA FULL AV STEIN

Hallvard og Sølvi Eide stod som vertskap for ØH si kveldsete sist onsdag 5. april. Kaffi, kaker og frukt møtte oss straks vi kom inn for døra. Alle dei frammøtte gjorde nok store auge då dei fekk sjå alt denne løa inneheld. Steingale Hallvard som han til tider vel å kalle seg, fekk ordet og han auste utover forsamlinga litt av den svære kunnskapen han har tileigna seg innan geologien og langt utover denne. Vi fekk vite mykje få vår eiga tid og sværande langt tilbake i jorda si soge. Det er uråd i dette innlegget å utdjupe nærmere alt Hallvard her ga oss. Oss var denne gongen godt 30 personar (flott frammøte) frå vår kommune og nabo-kommunar i aust og vest. Vi fekk høve til å spørje og Hallvard ga svar. Han viste oss så rundt i løa, der vi også tok turen ned i djupebrøten og opp på «loftet» Overalt fann vi bilete, steinprøver, reiskapar og permar fulle av fakta. Alt er systematisert og eg vil trekkje fram: Utruleg god orden, og opplysningar gjevne på skilt og plakatar. Noko av Hallvard si samling er no montert i Norddal, men sanneleg er her mykje att i Ørskog. Eg vil for eigen del hevde at den samlinga Hallvard og Sølvi her har fått på plass, er noko av det største og mest verdfulle vi har her i kommunen vår, ja langt utover Ørskog. Notida må vite at dette også må verte tilgjengeleg for dei som skal leve og bu i bygda og regionen vår i framtida. Ørskog Historielag vil rette ei stor takk til eigarane på Lande for velvilje og eit kveldsete vi verkeleg sette pris på. Hallvard fekk seg stav som takk frå laget vårt. Vi takkar samstundes Arnfinn Hanestadhaugen som har laga stavar i tusental, men ikkje heilt like. Tusen takk! Neste kveldsete er tidfesta til onsdag 3. mai.

Ragnar Bakken – leiar ØH -